

Årsmelding 2014

Tillitsverv i perioden

Styret

Leiar Inge Bakke
Nestleiar/Hamnesjef Terje Edvardsen
Kasserar Alvin Honningsvåg
Styremedlem Svein-Kåre Aarsheim
Varamedlem Jan Lundebrekke

Revisorar

Olav Ervik
Torleif Løken

Valnemd

Jan Petter Venøy
Rune Jan Skår

Aktivitetar

Styret

Styret har hatt fem møter i 2014 og eit i januar 2015.

Medlemmane

Laget har 83 medlemmar.

Omsetjing av plassar

Det har vært omsett ein plass.
15 plassar er utleigd.
Det har ikkje vore plassbyte i 2014.

Dugnader

20 medlemmar deltok på dugnad 6. mai.
14 medlemmar deltok på dugnad 28. august.
27 medlemmar har kjøpt seg fri.
I tillegg vart det utført dugnad i samband med kameraovervaking, skifte av wire på slippvogna, måling av slippvogna, sjekk av ankerfesta og oppsetting av skilt og bryggestiger.

Utført arbeid

Hamnelaget har fått heimeside.
Slippvogna har fått ny wire.
Slippvogna er målt.
Det er installert kameraovervaking. I samband med dette vart det sett på hengelås på bodene ved A- og B-bryggene, bygd låsbart skåp til kamerautstyret, samt sett opp tre kamera og gravd ned/trekk 100 meter kabel.
Det er installert fem bryggestiger.
Det er sett opp skilt om låsing av port og forbod mot lensing i hamna.